

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-
140, TI-&37
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.03.2021
030/21	Alver formannskap	11.03.2021
045/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
010/21	Utval for helse og omsorg	09.03.2021
011/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.03.2021
	Alver kommunestyre	
012/21	Eldreråd	08.03.2021
030/21	Utval for næringutvikling og drift	10.03.2021
013/21	Ungdomsråd	08.03.2021

Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune
Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samråystes.

RMNF- 010/21 Vedtak:

Ingen merknader.

Eldreråd 08.03.2021:

Handsaming:

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:

Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

Eldrerådet vedtok samråystes framlegget sett fram i møtet.

ER- 012/21 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:

Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

Ungdomsråd 08.03.2021:

Handsaming:

Orietering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

UR- 013/21 Vedtak:

Tatt til orientering

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:

Handsaming:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte og svarte på spørsmål.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 011/21 Vedtak:

Uttale frå OKK - 09.03.2021:

Ingen merknader.

Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:

Handsaming:

Orientering i saka v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse

Framlegg frå Leif Taule-Sp:

Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:

1. Ny områdeplan Lindås
2. Sambandet vest taes inn
3. Ruspolitisk plan taes inn
4. Landbruksplan taes inn
5. Digitaliseringsplan taes inn
6. Områdeplan Bøvågen

1. Ny områdeplan Lindås

Framlegget vart samrøystes vedteke.

2. Sambandet vest taes inn

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Heine Fyllingsnes-H, Leif Taule-Sp, Anne Grete Eide-Ap, Kenneth Murberg-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Malin Andvik-Krf)

3.Ruspolitisk plan taes inn

Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp)

4.Landbruksplan taes inn

Framlegget vart samrøystes vedteke.

5. Digitaliseringsplan taes inn

Framlegget vart samrøystes vedteke.

6. Områdeplan Bøvågen

Framlegget vart tatt vekk.

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

A.Områdeplan for Midtmarka/Flatøy vert teke ut av planstrategidokumentet.

Grunngjeving:

1. Prioritere plankapasitet. Kommunen er i oppstarten med nye, overordna planar som skal samordna planane frå dei tre samanslåtte kommunane. Dette vert eit krevjande arbeid, som bør ha fullt fokus og som

- plankapasiteten heller bør prioriterast til.
2. Alver kommune bør prioritere planar for å ta heile kommunen i bruk før nye planar sentralt.
 3. Logisk og effektiv planrekjkjefølgje. Kommunen sine overordna areal- og samfunnsplan må på plass før ein kan jobba vidare ned denne planen. Ny kommuneplan sin arealdel for Alver er ikkje på plass før hausten 2023.
 4. Området i og ved Midtmarka er ikkje definert som eit nytt lokalsenter eller regionsenter i intensjonsavtalen for Alver kommune. Ein kystlandsby vil konkurrera med Knarvik og øydeleggja for utviklinga av eit konsentrert og miljøvenleg regionsenter.
 5. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune har med stort fleirtal (12 røyster mot 5 frå Høgre og FrP) i møte den 30.04.2020 fremja motsegn mot planen.
 6. Alver kommune må ta vare på verdifulle natur og friluftsområde, og ikkje byggja dei ned.

B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.

Grunngjeving:

Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnytten vil vera svært låg.

C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdiful natur- og viltområder.

Grunngjeving,

det er viktig å ta vare på biologisk mangfald.

D. Kommundelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.

E. Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.

Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:

A.Områdeplan for Midtmarka/Flatøy vert teke ut av planstrategidokumentet.

Grunngjeving:

1. Prioritere plankapasitet. Kommunen er i oppstarten med nye, overordna planar som skal samordna planane frå dei tre samanslårte kommunane. Dette vert eit krevjande arbeid, som bør ha fullt fokus og som plankapasiteten heller bør prioriterast til.

2. Alver kommune bør prioritere planar for å ta heile kommunen i bruk før nye planar sentralt.

3. Logisk og effektiv planrekjkjefølgje. Kommunen sine overordna areal- og samfunnsplan må på plass før ein kan jobba vidare ned denne planen. Ny kommuneplan sin arealdel for Alver er ikkje på plass før hausten 2023.

4. Området i og ved Midtmarka er ikkje definert som eit nytt lokalsenter eller regionsenter i intensjonsavtalen for Alver kommune. Ein kystlandsby vil konkurrera med Knarvik og øydeleggja for utviklinga av eit konsentrert og miljøvenleg regionsenter.

5. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune har med stort fleirtal (12 røyster mot 5 frå Høgre og FrP) i møte den 30.04.2020 fremja motsegn mot planen.

6. Alver kommune må ta vare på verdifulle natur og friluftsområde, og ikkje byggja dei ned.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Ingrid Fjeldsbø-H, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Sveinung Toft-V)

B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.

Grunngjeving:

Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnytten vil vera svært låg.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Jon Vidar Sakseide-Krf, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Sveinung Toft-V)

C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdiful natur- og viltområder.

Grunngjeving, det er

viktig å ta vare på biologisk mangfald.

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V)

D. Kommundelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V, Leif Taule-Sp)

E. Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.

Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegen.

Framlegget vart samråystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg vart samråystes vedteke.

APM- 045/21 Vedtak:

Uttale frå APM - 10.03.2021:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune med slik endring:

1.Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.

2.Ny områdeplan Lindås

3.Sambandet vest taes inn

4.Ruspolitisk plan taes inn

5.Landbruksplan taes inn

6.Digitaliseringsplan taes inn

7.Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.

Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne,utval for areal,plan og miljø, utval for oppvekst,kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal drøfte utviklingstrekk i kommunen. Drøftinga er grunnlag for å ta stilling til planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien tek stilling til kva samfunnsutfordringar som skal møtes av nye, eller revidering av eksisterande planar. Den tek ikkje stilling til innhaldet i planane.

Saksopplysninger:

Alver kommunestyre vedtok planstrategi for Alver i sak 28/20.

Ein ny kommune har behov for planer som gode styringsverktøy for å bidra til berekraftig samfunnsutvikling, strategisk, politisk styring og medverknad.

Framlegget til planstrategi for Alver kommune og vurdering av planbehovet er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Fokus på plan oppgåver som er vesentlege å ha på plass i ein tidleg fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogelegheit og utfordringsdokumentet.

Det lagt vekt på følgjande områder for prioritering av planar:

1. Kommuneplan for Alver kommune.
2. Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
3. Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
4. Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidsretta tenester.

Rådmann si vurdering:

Den vedtekne planstrategien er omfattande. Det er naturleg det er mange planer og strategiar som må på plass i ein ny kommune, slik at vi har gode styringsverktøy.


Det er behov for ein gjennomgang av planstrategien etter eit år som Alver kommune. Pandemien gjorde at nokre planer er blitt forsinka i prosessen. Til dømes er kommunedelplan for helse og omsorg(KDP) og oppvekst er planprosessar som har teke lenge tid. Desse store tenesteområda var særleg råka av ekstra arbeid knytt til Korona-situasjonen.

Vi har hatt ein grundig felles medverknadsprosess knytt til samfunnsdelen, kommunedelplan for helse og omsorg, strategi for sykkel og Nær og lokalsenter studie. Medverknadsarbeidet har vore annleis og krevjande med omsyn til Korona pandemien. Den har og kravd ekstra ressursar. Rådmann erfarer at vi på tross av det har fått til gode medverknadsprosesser som skal nyttast i anna samfunnsplanlegging.

I planstrategien er det framlegg om mange temaplanar og strategiar. I rulleringa av planstrategi tilrår rådmann at fleire av temaplanane ikkje vert vist i planstrategien som eigne temaplaner eller strategiar.

I prosessen med samfunnsdelen og kommunedelplanane ser vi at fleire av desse tema bør integrerast i desse planane. Nokre av tema vil også vere kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel. Vi ønsker å jobbe etter den raude tråden i planlegginga. Samfunnsdelen og kommunedelplanen tar opp i seg sektorovergripande problemstillingar knytt til klima, beredskap, samfunnsikkerhet og tema som å ta hele kommunen i bruk. I denne modellen vil samfunnsdelen vise kva tema vi må ha fokus på for å oppnå måla. Dette skal igjen inn som ein del av handlings- og økonomiplanen.

Den raude tråden i planlegging illustrert under.



Alver vil bruke det digitale verktøyet Framsikt i planlegging. Dette vil gjøre oss til å lettare sjå samanheng frå overordna planlegging til tiltak i økonomiplan.

Planoppgåver i planstrategien

1) Kommuneplan for Alver

Samfunnsdelen har ei viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medverknad.

Arbeidet med samfunnsdelen er i gang. Planen skal vedtakast hausten 2021.

Arealdelen (KPA)

Gjeldande arealdelar vil i realiteten bli kommunedelplanar i den nye kommunen. Planen vil gjelde for det same arealet som før. Den vil være rettsleg bindande og styrearealdisponeringa på same måte som før samanslåinga. Men planane vil ikkje vere samordna.

Det er eit mål i planstrategien at ny arealdel vert prioritert.

Kommuneplanen sin arealdel for Alver blir eit omfattande arbeid. Rådmann vurderer det slik at det er behov for ein brei gjennomgang på kva kunnskapsgrunnlag vi har behov for i arealplanprosessen. Vi har starta arbeidet med å få oversikt på kva tema og ressursbruk som må på plass for ein god kommuneplanprosess.

Kunnskapsgrunnlag (lista er ikkje uttømmande)

- Oversikt over arealresevere i gjeldande planer
- Kjerneområde landbruk
- Naturmangfold
- Kulturmiljø og kulturminne
- Kartlegging av friluftslivsområder
- Strandsone
- LNF- spreidd næring og busetnad
- Behov for offentleg areal
- Samfunnsikkerhet og beredskap
- Strategiar og mulighetstudier
- Kunnskapsgrunnlag knytt til interkommunal plan for sjøareal

Dette er eit omfattande arbeid som krev tverrfagleg ressursar. Når eit solid kunnskapsgrunnlag er på plass tidleg i prosessen, vil det kunne gje eit meir presist og konkret planprogram, og ein meir effektiv planprosess til vedtak av KPA.

Rådmann tilrår med bakgrunn i dette at planprogram og formelt varsel om planoppstart vert lagt fram til politisk behandling for høyring og ettersyn i januar 2022.

Det er ein lang prosess å arbeide med ein ny KPA, framdrift er og styrt også av høyringar og merknader frå lokal medverknad og statleg og regionalt nivå. Målet er å få vedteke ein ny arealdel for Alver i perioden i tråd med planstrategien.

2) Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune

I Intensjonsavtalen for Alver kommune blei det vedteken ein senterstruktur for den nye kommunen.

Administrasjonen er i sluttfasen av arbeidet med mulighetstudie for lokal og nærsenter. Denne er klar vår 2021. Den vil vere eit kunnskapsgrunnlag for samfunn og arealdelen og ved vurdering av behov for reguleringsplanar. Tema er ei overordna analyse på lokal sentra i Alver. Dette kunnskapsgrunnlaget vil gjere oss i stand til å peike på nokre moglegheiter og utfordringar i sentra, for at dei skal vere eit godt tilbod til innbyggjarane og bidra til ei god heilskapleg utvikling i Alver.

3) Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – aksen Frekhaug – Knarvik – Alversund.

Det skal våren 2021 starta opp ei moglehetsstudie for aksen Frekhaug- Knarvik- Alversund.

4) Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidsretta tenester.

Det er kommuneplanen sin samfunnsdel som skal seie noko om korleis kommunen skal utvikle seg som samfunn og organisasjon.

I intensjonsavtalen er det lagt særleg vekt på at Alver skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og ein samla nærings-, arbeids- og utdanningskommune. Den nye kommunen skal møte framtidene sine utfordringar i tenestetilbodet, og tenestetilbodet skal vere der brukarane bur.

I planstrategien er det difor prioritert å gjennomføre planar som skal sikre at kommunen jobbar heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, i tillegg til planar som definerer ambisjonane på dei store tenesteområda innan helse, sosial og omsorg og oppvekst.

Arbeidet med kommunedelplanane for helse og omsorg og oppvekst er i gang. Planprogram for begge planane er vedteke. Målet er at planane skal vedtakast februar 2022.

Det er utarbeida ein felles medverknadstrategi for samfunnsdelen og kommunedelplanane

Planstrategi status og rådmann sitt framlegg til endringar er omtala i tabell under

1. Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel					
Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Samfunnsdelen med overordna arealstrategi	I prosess	V-2020	H-2021	I tråd med vedteke planstrategi	
Arealplan (KPA)	Arbeid med kunnskapsgrunnlag og planlegging av prosess er starta	V-2022	H-2023	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Rådmann tilrår å bruke tid på kunnskapsgrunnlag i 2021, for å få eit

					tydleg planprogram ved varsel om oppstart

2. Kommunedelplan (KDP)

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslut t	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Kommunedelplan for oppvekst	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategier vil bli ein del av samfunnsplan.
Kommunedelplan for helse og omsorg	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategiar vil bli ein del av samfunnsplan.
Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv	Ikkje starta	V-2021	H-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Rådmann tilrår å utarbeide ein felles KDP for kultur, idrett og friluftsliv, med handlingsplaner for temaområda

3. Temaplaner

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslut t	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Kulturminneplan	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Kartlegging kulturmiljø blir eit viktig kunnskapsgrunnlag for KPA.
Kulturplan	Overordna mål og strategiar for kultur er ein del av arbeidet med samfunnsdelen.			Går ut som eigen plan i planstrategi	Kulturplan vert ein del av KDP- kultur, idrett og friluftsliv. Tilrår å ta strategiar for idrett- og friluftsliv sammen med kultur i ein felles kommunedelplan. For heilskap i eit område som har mykje felles.
Plan for beredskap og samfunnstryggleik	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for beredskap og samfunnstryggleik er ein del av arbeidet med samfunnsdelen			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen plan for beredskap og samfunnstryggleik. Tema er ein del av all samfunnsplanlegging. Tema vil ha ein sentral rolle i kunnskapsgrunnlag til arealdel og vil vere er viktig i

					arealplanlegging i kommunen.
Temaplan for vatr og avlaup	Ikkje starta	V-2022	2022/2 3	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Temaplan kommunale vegar	Ikkje starta	V-2022	2022/2 3	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Tilrår at temaplan for trafikktryggleik vert ein fellesplan med temaplan for kommunale vegar.
Temaplan vedlikehald for kommunal bygningsmasse	Ikkje starta. Kunnskapsgrunnlag er utarbeida	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Akvakulturplan	Ikkje starta			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen plan på dette tema. Akvakultur er ein del av vurderingane i det pågående arbeidet med interkommunalplan for sjøareal i Nordhordland.
Klima- og miljøplan	Overordna mål og strategiar for klima og miljø er ein del av arbeidet med samfunnssdelen			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen temaplan. Klima og miljø er sektorovergripande og styrer planarbeidet til Alver mellom anna gjennom bruk av berekraftsmål i samfunnssdel og temaplaner. Tema er ein sentral del av kunnskapsgrunlaget til KPA, Kartlegging av naturmangfold, Strategi for grøn mobilitet, Temaplan for friluftslivets ferdelsårer, Strategisk næringsplan.
Strategisk næringsplan	Ikkje starta. Overordna mål og strategiar for næringsplan er ein del av arbeidet med samfunnssdelen	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Alkoholpolitisk plan for Alver	Ny plan er utarbeida			Gjennomført	
Ruspolitisk plan	Ikkje starta			Går ut av planstrategi	Ruspolitikk blir ein del av KDP Helse og omsorg og oppvekst. Tema vil bli grundig

					omtala i KDP helse og omsorg med strategiar knytt til tema.
Smittevernplan	Ny plan er utarbeida			Gjennomført	
Trafikk tryggleiksplan	Ikkje starta	V-2022		Gjennomførast, med endra form	Rådmann tilrår å slå saman trafikk tryggleiksplan med temaplan for kommunale vegar. Tema er vevd i kvarandre og det vil gje eit betre styringsverktøy
Bustadsosial handlingsplan	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for bustadsosial handlingsplan er ein del av arbeidet med samfunnssdelen	H-2022	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Mål og strategiar knytt til bustadpolitikk vil vere ein del av KDP Helse og omsorg. Eigen plan vert starta etter KDP er vedteke.
Plan for å styrke fastlegetenestene i Alver kommune	Ikkje starta	H-2021	2021	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	
Veteranplan (Forsvaret)	Ikkje starta	V-2023	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	
Temoplan friluftlivets ferdselsårer	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Det er eit nasjonalt mål at kommunen har slik plan og det arbeidet er finansiert av tilskotsmidlar. Denne planen blir eit viktig kunnskapsgrunnlag til KPA og KDP kultur, idrett og friluftliv. Vil og ta opp i seg tema som er relatert til miljø.

4.Strategi og mulighetstudie

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslut	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Digitaliseringstrategi				Går ut av planstrategi	Dette tema vil vere ein sentral del av det interkommunale arbeidet mht digitalisering som pågår.
Overordna strategi for tema i	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir ein del av revidert planstrategi	utarbeide ein strategidokument som beskriv mål,

Miljøløftet					strategiar og prinsipp for korleis kommunen skal prioritere midlane i Miljøløftet Kommunen kan nytte lokale belønningsmidlar til å utarbeide planen.
Strategi for eigerskap i Alver	Ferdig			Gjennomført med vedteke planstrategi	
Strategi – ta heile kommunen i bruk	Ikkje starta. Tema er nå ein del av arbeidet med samfunnsløftet og arealstrategiar			Går ut av planstrategi	Tema er ein del av arbeidet med samfunnsløftet og arealstrategiane. Mulighetstudie for lokal og nærsenter tek og i seg desse problemstillingane. Tema vil og bli ein sentral del av arbeidet med arealdelen.
Strategi – ta heile kommunen i bruk næring	Ikkje starta. Tema er nå ein del av arbeidet med samfunnsløftet og arealstrategiar			Går ut av planstrategi	Tema er ein del av arbeidet med samfunnsløftet og arealstrategiane og arealdelen. Tema er også ein sentral del av strategisk næringssplan.
Strategi for grønn mobilitet. Gå og sykkle i Alver	I prosess. Sykkelstrategi ferdig april. Gå-strategi i 2022.	2020	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Kunnskapsgrunnlag for mellomanna prosjekt i Miljøløftet og KPA. Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan, KDP kultur, idrett og friluftsliv
Mulighetstudie Frekhaug-Alversund-Knarvik	Ikkje starta Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	H-2021	V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetstudie for lokal og nærsenter	I prosess Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	V-2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetsstudie Meland ungdomsskule	Ikkje starta	V-2021	H-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetstudie Alversund skule	I prosess	2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	

5. Reguleringsplanar knytt til overordna infrastruktur					
Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Regulering Ny Alversund bru	Regulering av Alversund bru	V-2021	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Regulering av gang og sykkelveg. Hagelsund bru	Forprosjekt avslutta			Gjennomføring krev samarbeid/prosesstyring med SVV	Forprosjektet viser at det er mogleg å etablere påhengt gang-sykkelveg på brua. Må regulerast. Samarbeid med SVV som må planlegge prosjektet.
Kommunedelplan Sambandet vest	Planprogram har vore på høyring			Går ut av planstrategi	Det er fremja politisk sak om at planarbeidet i tråd med merknader til planprogrammet vert avslutta
Kommunedelplan E39	Planprogram vedteke, planarbeid i prosess		V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
6. Områdereguleringsplaner					
Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Områderegulering Midtmarka og Rotemyra	Planarbeidet er avslutta			Går ut av planstrategi	Arealvurderinger knytt til vidare utvikling av Flatøy vil vere ein del av arbeidet med KPA Alver
Områderegulering Langelands-skogen/Frekhaug nord	I prosess	2018	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.
Områderegulering Ostereidet	I siste fase før endelig vedtak		2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.
Områderegulering Knarvik	ikkje starta	H-2021	2023		Det er behov for nye vurderinger knytt til tema i områdeplan for Knarvik. Kjem tilbake til ein detaljert omtale av plantema ved oppstart
Områderegulering Mjåtvæitstø og Dalstø	I prosess		2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.

Vedlegg i saken:

25.02.2021	Planstrategi rådmann sin versjon etter framlegg til rullering 10.03.21	1518209
25.02.2021	Utfordringsnotat Planstrategi for Alver	1518210